



Vår saksbehandlar
Bjørn L. Tønnesen – tlf 57 65 54 01
E-post: bt@fmsf.no

Vår dato
08.05.2006
Dykkar dato
07.03.2006

Vår referanse
2006/1209 - 630
Dykkar referanse
200602472

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo




Ny del II til Læreplanverket for Kunnskapsløftet - oppsummering av høyring

Vedlagt følger Fylkesmannen sin høyringsuttale.

Vi har ikkje motteke høyringsuttale frå nokon av kommunane i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen har meldt frå at dei har ikkje merknader til høyringsutkastet.

Med helsing


Bjørn L. Tønnesen
utdanningsdirektør

Vedlegg: Høyringsuttale.

HØYRINGSUTTALE NY DEL II TIL LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET

Fylkesmannen opplever at del II er eit verdfullt og naudsynt dokument som syter for at læreplanverket for Kunnskapsløftet framstår som eit heilstøypt heile, med del I, del II og del III. Utan at det er nemnt spesielt, bidreg det og til brubygging mot barnehagen.

Dei tre m-ane *motivasjon*, *meistring* og *medverknad* står sentralt i utkastet.

- Motivasjon er nytta åtte gonger saman med lærelyst/lyst til å lære
- Meistring er nytta fem gonger
- Medverknad er nytta ni gonger

Departementet kan vurdere å framheve *motivasjon* enno meir ved å understreke at dette er eit mål der ein har reiskapar som

- Leggje til rette for elevmedverknad
- Gje opplevingar av meistring
- Praktisere tilpassa opplæring
- Samarbeide godt med heimen (orda motivasjon eller lærelyst er ikkje nemnt i dette avsnittet)
- Samarbeide godt med lokalsamfunnet for å gje varierte læringsarenaer

Det at elevmedverknad etc fungerer som reiskapar for å auke motivasjonen er ikkje til hinder for at dei kvar for seg samstundes fungerer som mål i seg sjølv.

Formativ vurdering er eit omgrep frå pedagogisk litteratur. Dette innebærer medverknad og vil gje oppleving av meistring, slik at motivasjonen aukar. Vi opplever det slik at høyringsutkastet fleire stader, med ulike formuleringar, gjev uttrykk for at formativ vurdering er ønskjeleg.

Ved formativ vurdering vert opplæringa tilpassa den einskilde eleven. Tilpassa opplæring fell m.a.o. ut som eit produkt når ein praktiserer formativ vurdering. Tilpassa opplæring vert då kjenneteikna ved at det skjer i ein prosess der eleven er medspelar. Det er solid forskingsmessig grunnlag for å hevde at formativ vurdering aukar læringsutbyttet, jf m.a. foredrag på siste Landskonferanse.

Vi vil gje sterk støtte til tanken om meir systematisk formativ vurdering i skulen. Departementet kan vurdere å framheve dette enno sterkare og meir forpliktande. Ein bør då venteleg finne eit anna uttrykk. Dersom ein vel omgrepet *læringsstrategiar* bør dette definerast nærare. Ei enno sterkare understreking av verdien av dette og ein meir konsekvent ordbruk vil lette implementeringsarbeidet.

Det er elles slik at formativ vurdering har sterkt slektskap til omgrepet *empowerment* som vert nytta i samband med folkehelsearbeid, men som og vert nytta i andre samahengar. Empowerment vert ofte omsett til norsk med *myndiggjering*. Sjå NOU 1998:18 *Det er bruk for alle* frå Sosial- og Helsedepartementet. Kap 8.3 har slik overskrift: DELTAKELSE OG MESTRING (EMPOWERMENT) SOM BÆRENDE PRINSIPPP.

Også den såkalla PLA-metodikken har slektskap med formativ vurdering/empowerment. PLA er forkorting for Participatory Learning and Action.

Motivasjon, meistring, medverknad, tilpassa opplæring, læringsstrategiar og samanhengen mellom dei er framheva i mange utsegner. Det gjeld m.a.:

I innleiinga:

”Felleskolen skal ha ambisjoner på elevenes vegne, gi dem utfordringer å bryne seg på og mål å strekke seg etter. Samtidig skal skolen ta hensyn til elevenes ulike forutsetninger og progresjon, slik at alle opplever gleden ved å mestre og å nå sine mål.”

I avsnittet Motivasjon for læring og læringsstrategiar:

”Faglig trygge og inspirerende lærere, bruk av varierte, tilpassede arbeidsmåter og muligheter for aktiv medvirkning bidrar til lærelyst og til en positiv og realistisk oppfatning av egne talenter og muligheter...

Elevene skal få oppgaver som som utfordrer, og som de kan mestre alene eller sammen med andre. Vurdering og veiledning skal bidra til å styrke deres motivasjon for videre læring.

Læringsstrategier er framgangsmåter elevene bruker for å organisere sin egen læring. Det er strategier for å planlegge, gjennomføre og vurdere eget arbeid for å nå læringsmål”

I avsnittet Elevmedvirkning

”Elevene skal kunne delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringen innenfor rammen av lov og forskrift herunder læreplanverket.”

I avsnittet Tilpasset opplæring og likeverdige muligheter

”Tilpasset opplæring kjennetegnes ved at lærestoff, arbeidsmåter, læremidler og organisering av opplæringen blir lagt til rette med tanke på at elevene har ulik progresjon i forhold til læringsmålene”

Naturleg nok er det ikkje sagt noko om *implementeringsarbeidet* i høve del II. Vi ser på det som viktig å leggje opp ein god strategi for dette. Her bør kvart enkelt fylkesmannsembete bli involvert. Nasjonale og/eller regionale konferansar kan kanskje vere ein delstrategi, men dette vil ikkje nå det store fleirtal.